



Rusomsorg Vest Nappane
Titlandsvegen 359
5912 SEIM

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1607 - 17/6804

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta

SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:

02.03.2017

Førehandsvarsel om pålegg om retting og tvangsmulkt - gbnr 129/6 og 129/33 Titland søndre

Tiltakshavar: Rusomsorg Vest Nappane

Grunneigar: Rusomsorg Vest Nappane

Det vert vist til kommunen sitt brev av 18.07.2016 med førespurnad om utgreiing om mogleg ulovleg tilhøve, samt dykkar tilsvar i e-post mottatt 29.08.2016, 16.09.2016 og vidare korrespondanse i saka.

Lindås kommune har vore i dialog med Lyder Leithaug som er engasjert som ansvarleg søker i saka. Det er gjeve utsett frist for å sende inn søknad, først til 01.12.2016, deretter til 01.02.2017. Det er i e-post datert 30.01.2017 frå Lyder Leithaug bedt om ytterlegare utsett frist til 28.02.2017. Leithaug er informert per telefon at det ikkje vart gjeve ny utsatt frist, men at kommunen vil følge opp saka med eit førehandsvarsel etter plan- og bygningslova.

Kommunen legg til grunn at bruk av bygningane på eigedommane gbnr 129/6 og 129/33 er teke i bruk som institusjon/omsorgssenter for rusmisbrukarar, utan at det ligg føre søknad om bruksendring. Det er gjort greie for den godkjente bruken av bygga i Lindås kommune sitt brev datert 18.07.2016.

Føresegner om søknadsplikt for bruksendring følgjer av pbl. § 20-1 d, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 2-1.

Det kan også sjå ut som at eksisterande utsleppsanlegg er underdimensjonert i forhold til den eksisterande bruken av bygningane i dag. Vi kan heller ikkje sjå at det ligg føre godkjenning for vassklosett i sovebrakka. Dersom dette er tilfelle vil ein måtte søke om nytt utsleppsløyve og etablering av nytt avløpsanlegg som er dimensjonert og godkjent etter dagens krav.

Kommunen vurderer tiltaket som eit tilhøve i strid med plan- og bygningslova og forureiningslova.

Frist for retting

Det ulovlege tilhøvet må **rettast innan 03.04.2017**.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Retting må skje ved at bruken av bygningane som institusjon opphøyrer.

Kommunen må få skriftleg underretting når bruken er stogga. I tillegg må det sendast inn dokumentasjon/foto av at tilhøvet er retta.

Innsending av søknad i ettertid

Det er høve til å sende inn søknad om løyve innan gitt frist. **Frist for innsending av søknad er 03.04.2017.** Det kan ikkje påreknast forlenging av denne fristen.

Søknaden vil bli handsama etter gjeldande plangrunnlag og regelverk. For informasjon om plangrunnlaget vert det vist til Lindås kommune sitt brev datert 16.02.2017. Kommuneplanen sin arealdel med føresegner er gjeldande plan for eigedommane.

Om det vert gjeve løyve til tiltaket vil sak angående ulovlege tilhøve verte avslutta.

Førehandsvarsel om vedtak med pålegg om retting

Om det ulovlege tilhøvet ikkje vert retta innan fristen kan saka verte følgd opp med pålegg om retting etter pbl. § 32-3.

Det vert orientert om at dersom eit pålegg ikkje vert følgt, kan kommunen utferde førelegg etter pbl. § 32-6. Eit førelegg vil kunne få same rettsverknad som ein rettskraftig dom og fullbyrdast etter reglene for dommar. Eit førelegg kan tinglysast som hefte på eigedomen.

Førehandsvarsel om vedtak om tvangsmulkt

Om pålegg om retting ikkje vert etterkome, har bygningsstyresmakta høve til å fastsetje tvangsmulkt etter pbl. § 32-5. Vedtak om tvangsmulkt kan utferdast utan vidare varsel.

Det vert orientert om at pålegg som ikkje vert etterkommen vil kunne følgjast opp med førelegg som kan få verknad som en rettskraftig dom, jf. pbl. § 32-6.

Rett til å gje uttale

Du har rett til å gje uttale i saka. Uttale må vera sendt innan 20.03.2017.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/1607

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ing. Lyder K Leithaug

Mottakarar:

Rusomsorg Vest Nappane

Titlandsvegen 359 5912

SEIM